

**Sports-
interessert?**

Tips meg på
tlf. 958 70 621
eller send ein e-post til
endre@sognavis.no

Endre Romøren
endre@sognavis.no

**Andrelaget rota vekk sigeren**

FOTBALL: Scoringar frå Ulrik Flo, Kasper Nissen og Joachim Soltvedt (biletet) gjorde at Sogndal 2 var på veg mot ein ny siger i 3. divisjon på bortebane mot Førde søndag. Då var stillinga 3–1 til sogndølene, men i det 85. og 86. minutt scora heimelaget to gonger, først ved Sander Aamelfot, deretter ved Brage Sandvoll. Vegard Savland scora det første for Bjørn Totland sine menn, som ligg under streken med sine sju poeng. Sogndal 2 på si side har plukka 13 så langt.

**Agovic senka
Balestrand**

FOTBALL: Edin Agovic scora begge måla då Høyang vann 2–0 på heimebane mot Balestrand i 5. divisjon søndag. Stillinga til pause var 1–0. Sigeren gjer at Høyang er på andreplass i divisjonen, to poeng bak serieleiar Syril – som har éin kamp mindre spelt.

Oppdaterar dei gamle orienteringskarta

■ ■ Dagens kart er utdaterte ■ ■ Nye kart klare i sommar

KAUPANGER: Valter Sohler lagar nye orienteringskart for skogane på Kaupanger.

– Det er veldig fint her, eg likar denne type natur, seier han.

Valter Sohler er profesjonell orienteringskart-lagar frå Slovakia, med arbeidsplass i heile Europa. Den siste månaden har han jobba med å oppdatere kart for skogane på Kaupanger.

Utdaterte kart

Facebook-kontakt med Christian Frøyd, styremedlem og kartansvarleg i orienteringsgruppa i Sogndal, var det som førte slovakaren til skogane i Sogn.

I to år har Frøyd sjølv jobba med å oppdatere orienteringskarta, men med full jobb og familie strakk ikkje tida til.

– Det er difor Valter er her, for å vidareføra dette arbeidet, seier han.

Orienteringskarta som blir brukt i dag er frå 1993 og 2000.

– Karta er gode, men dei er utdatert. Mykje har forandra seg sidan dei vart laga. Det har kome nye stiar, vegar og bustadfelt, vegetasjonen har også forandra seg. Det er rett og slett vanskeleg å forstå kart som ikkje fungerer, seier Frøyd.

Det skal Sohler gjera noko med.


Moderne utstyr

Til å hjelpa seg har han toppmoderne utstyr, styrt av laserteknologi. På capsen på hovudet er Valter utstyrt med ein GPS med blåtann (bluetooth) som kommuniserer med apparatet han har i hendene. Etter kvart som han bevegar seg rundt i skogen får han til ei kvar tid opp sin nøyaktige posisjon.

– Når eg kjem til ein stein, eller ein bekk legg symbola seg inn sjølv, fortel Valter og viser med eit par enkle trykk.

Meir detaljert kart

Tidlegare måtte kartlaginga gjerast manuelt ved at ein teikna for hand på eit papirkart for så å skanna det inn



NYE KART: Valter Sohler (t.v) har brukt den siste månaden på å oppgradere orienteringskarta i skogane på Kaupanger. Christian Frøyd i orienteringsgruppa i Sogndal gler seg til å ta dei nye karta i bruk.

på datamaskina, teikna på nytt med musa og setja inn symbola.

Den nye teknologien gjer arbeidet enklare, og karta mykje meir detaljerte.

– På dei nye karta er høgdekurene markert for kvar meter. Tidlegare var det berre for kvar femte, fortel Frøyd.

– Ein kan også lettare leggja inn fleire detaljar. På den måten blir karta betre og lettare å orientera seg etter.

Det mest krevjande for kartteiknaren er å teikna på vegetasjon og fargekodar for springehastigheit som er mogleg i det aktuelle området.

Ikkje på privat grunn

– Det er fleire ulike grønfargar alt etter kor fort ein kan rekna med å springa. Det er opp til kvar enkelt kartteiknar og vurdera. Det vil også vera ulike frå årstid til årstid, seier Frøyd.

Områda som no vil få oppdaterte orienteringskart er Kaupangerskogen, Kaupangerholten og områda aust og vest for skulen. Men éin ting er viktig å presisera.

– Alt som er privat eigedom, som til dømes hagar, har eigne teikn og er merka som forbode område på karta, seier Frøyd.


Viktig anlegg

Orienteringsgruppa i Sogndal har mellom 10 – 50 deltakarar i alle aldrar. Skogen er deira arena.

– Me har ikkje ein hall eller ei bane. Skogen er anlegget vårt, seier Frøyd, som håpar dei vil få tippemidlar til prosjektet som har ein kostnad på om lag 150.000 kroner.

Kartoppdateringa er viktig for orienteringsmiljøet, men også for opplæringsinstitusjonane i kommunen, meiner Frøyd.

– Høgskulen, barne- og ung-



MODERNE TEKNOLOGI: Med denne maskina blir steinar, myrer, bekar og høgder markert inn på kartet.

domsskular, folkehøgskulen, brukar desse karta i undervisninga. Det er difor viktig at dei er nøyaktige og gode.

Klare i sommar

Valter Sohler er snart ferdig med sin del av jobben, men for dei nye karta kan takast

i bruk må dei godkjennast av internasjonale reglar og kartverket.

– Håpet er at karta skal vera klare til bruk i løpet av sommaren, seier Christian Frøyd.

Sigrid Nese
sigrid.nese@sognavis.no